

Hordaland Fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Vår ref.:

Dykkar ref.:

Bergen 10. des. 2014

Forslag til budsjett for året 2016, Åsane vgs. avd. Bergen fengsel/Ulvsnesøy, avd. Bjørgvin fengsel og avd. Fossane

Tildelinga for 2014 var 29409336 kr. Ho har dekt all fengselsundervisning, samt innleige av ekstra lærarkreftar til undervisning der vi manglar kompetanse i egne rekkjer. Midla har og dekt innkjøp av utstyr, vedlikehald, utgifter til reingjering, husleige, kurs, konferansar og etterutdanning.

Vi har kvart år i forslag til budsjett lagt inn ei auke i tråd med den generelle løns- og prisutviklinga.

Framlegget for 2015 var på 33442720kr. For 2016 bygger framlegget på fjorårets forslag med et påslag på 3 %. I tillegg har vi lagt inn ein buffer på 3000000kr til ny ungdomseining (UE) som blir tatt i bruk frå 2015. Det gir ein sum på 37446000kr.

### **Bergen fengsel, Haukås/Ulvsnesøy**

Framlegget til budsjett for desse avdelingane var 19163596kr for 2015. Framlegget til budsjett for 2016 er 19738503kr.

### **Skulen tek sikte på å gjennomføre følgjande opplæringstilbod på Haukås/Ulvsnesøy i 2016:**

Studieretning	Årssteg	Tal kl.
Studieførebuande	VG1	2
Studieførebuande	VG2	1
Tekn. og ind. prod.	VG1/VG2	2
Design og handverk	VG1	1
Restaurant og matfag	VG1/VG2	2
Bygg-/og anleggstek.	VG1/VG2	2
Lågterskeltilbod	A-øst	1
Teknisk fagskule/høgskule		1
Intro-kurs M (for minoritetsspråklege)		2
Intro-kurs A		2

(for alle, fagleg svake)	
Fleirfagkurs	3
(musikk, data, solid egde)	
Musikk – Verftet	3 grupper
Sommarundervisning	
<b>Sum klassar</b>	<b>22</b>

## Haukås

Vi skreiv hausten 2013 om auke i talet på utanlandske innsette som søker seg til skulen. Trykket på soningsplassar er framleis høgt, og talet på utanlandske innsette ligg på eit konstant høgt nivå. Vi klarar ikkje å møte alle sine ønskjer om eit godt opplæringstilbod. Mange vil delta på skulen sine opplæringstilbod.

### Årskurs

Vi ser på hausten eit sterkt trykk også på årskursa, dette dabbar noko av ut over året. For 2014 nemnde vi og utfordringane med høg gjennomstrømming, flytting mellom avdelingar og andre fengsel, primært i regionen, lauslatingar på kort varsel, utvisingar m.m. Vi nemnde for 2014 at vi ser aukande skilnader mellom dei innsette frå dei som kan lite, ikkje beherskar språket til dei som har «tung» ballast med seg. Særleg sistnemnde gruppe er blitt meir framtrekande. Desse utfordringane krev at vi i aukande grad må legge til rette for den einskilde. For skulen betyr dette at vi må sette inn ekstra ressursar. Det har vi gjort i år også. Vi har sett inn ekstra lærarar i engelsk, i norsk, i kroppsøving og i forhold til einskilde svake innsette som treng spesiell oppfølging, m.a. unge innsette.

### Dei korte kursa

Størst er trykket på dei korte kursa. Her er pågangen høg heile tida. Vi kunne ha auka talet på kurs, men ønskjer ikkje det fordi vi slit med å forankre dei.

Hausten 2012 endra vi strukturen på kursa våre. Målsetjinga var å få betre flyt frå dei ikkje-kompetansegejvande kursa over til årskura. Vi sleit med å få modellen akseptert, men etter kvart falt han på plass. Vi er no eit og eit halvt år inne i drifta av desse kursa, og ser at vi kanskje må gjere endringar. Flyten er ikkje så god som vi skulle ha ønskt oss.

Vi etablerte hausten 2012 ei eiga gruppe for innsette som slit fagleg. Dette gjorde vi for at ikkje nivåspriket i dei ordinære klassane skulle bli for stort, og for å legge til rette for ei opplæring som tek omsyn til at dei møter med faglege brester. Målet har vore å "sluse" dei over til årskursa. Vi ser at det ikkje er nokon automatikk i dette.

### Fagskule/høgskule

Vi har sett inn ekstra ressursar i matematikk og fysikk for innsette som held på med fagskule/høgskule. Vi har og tildelt ein lærar ressurs for å følgje opp desse særskild. Sistnemnde gruppe har auka monaleg siste året, og vi brukar meir ressursar på ho.

### Eigne tilbod for kvinner

Vi har ikkje lenger eigne tilbod for kvinner. Vi syntes ikkje dei fungerte godt nok. Vi tildelte ressursar, men vi fekk aldri nokon kontinuitet i arbeidet med eigne kvinnegrupper. Fengselet har sterkt fokus på tilrettelegging av soningsplassar med tilhøyrande innhald retta mot kvinner. Men vi har altså ikkje villa ta tak i dette på nytt, førebels.

### Lavterskeltilbod

Vi har frå november 2014 starta opp eit lågterskeltilbod på avd- A-øst. Dette har skjedd etter påtrykk frå fengselet fordi eit aukande tal innsette på denne avdelinga har få tilbud og blir sitjande innelåst mestparten av dagen, med dei problem det fører med seg. Skulen har derfor gått inn med 15 veketimer: litt byggfagleg aktivitet, ernæringslære, førstehjelp, treningslære, hygiene mot hovudkjøkken og norsk/samfunnsorientering mot verkstad/arbeidsdrifta.

### Byggfag

Byggfag har hatt tilhald i særers dårlege lokale. Desse må sanerast. Erstatningslokal er no truleg på plass, men vil krevje investeringar i utstyr.

### Ifi

Internett for innsette – er framleis, etter fleire års bruk, ei utfordring.

### Ulvnesøy

Ulvnesøy, avdeling for låg sikkerheit, har rammar som mogleggjer større variasjon: musikk, teater, nettstøtta opplæring m.m., i tillegg til den ordinære opplæringa: årskurs i RM, TIP og STUSP, dessutan individuell tilrettelegging for sjølvstudiar og eit avgrensa byggfagstilbod. Elevane på Ulvnesøy kan vere på its learning.

### Verftet

Åsane vgs. fengselsundervisninga har eit opplæringstilbod på Verftet i samarbeid med MIFF (Musikk I Fængsel og Fridom). Dette er eit tilbod til lauslatne, men og til innsette som får frigang frå fængsl for å delta.

### *Følgjande økonomiske ramme trengs for drifta av skuleavdelingane ved Haukås/Ulvnesøy:*

0 Løn inkl. sos.utgifter	kr. 17944093
10 Utstyr	” 788338
20 Andre driftsutgifter	” 1006072
Brutto driftsutgifter	kr. 19738503

### Bjergvin fængsel

Bjergvin fængsel er eit lågrisikofængsel med 90 innsette og høg gjennomstrøyming. Mange av dei innsette er innom skulen, men dei fleste for ei kort stund. Det reflekterar og tilboda våre på avdelinga. På Bjf har vi fått inn treningsfag siste året, likeeins modular av bilfag. Begge desse tilboda har blitt populære blant elevane.

Fengselet har satsa på kreative aktivitetar. Det har tilsett designarar, forfattar og biletkunstnar.

Budsjettframlegget for 2015 var på 5435784kr. Vi fremjar forslag om 5598856kr + 3000000kr (UE) for 2016.

**Skulen tek sikte på å gjennomføre følgjande opplæringstilbod ved Bjørgvin fengsel i 2016:**

Programfag	Årssteg	Tal kl.
Studieførebuande	VG1	1
Restaurant- og matfag	VG1	1
Service og samferdsle (modular frå læreplanen)	VG1	1
Datakurs		1
Fleirfagskurs (sykkelverkstad, steinsliping, treningskurs, modular i bilfag, bake-/matlagingskurs, hygienekurs teaterkurs)		6
Sommarkurs		
Sum klassar		10

På Bjørgvin fengsel er skuletilboda ei blanding av heilårskurs, enkeltstående fagmodular og elles kortare kurs av både teoretisk og praktisk art, jamfør opplistinga over.

Målet er å nå korttidssonarane med opplæringstilboda. Men og å legge tilrette for dei som skal vere der over tid. Her forsøker ein å få til ordningar der dei t.d. kan få opplæring i kombinasjon med Fossane eller eksterne tiltak.

Årsskiftet 2014-2015 skal **Ungdomseininga** vere operativ på Bjørgvin fengsel. Den skal ha plass til fire ungdommar i alderen 15 til 18 år. Ved oppstart blir ein innsett flytta over frå den gamle til den nye eininga.

Vi er usikre på korleis vi skal organisere undervisninga i basisfaga, og i fellesfaga på RM og TIP. Vi veit at det har liten hensikt å tilby «full pakke». Vi kan likevel komme til å måtte tilby eineundervisning, og då kan ressursbruken fort balle på seg. Vi har snakka om å tilby ein timepott for ein periode, og så tildele lærarar som har t.d. underdekning på planen sin, desse timane. No på tampen av 2014 er vi i gang med innkjøp av utstyr til ny verkstad på UE (ungdomseininga). Vi ser for oss avgrensa opplæringa, men med læreplanen for TIP i botn. På denne verkstaden skal å gå føre seg «mekking» og eit data/animasjonsprogram i bilfag. Vi skal og ha tilpassa opplæring i kosthald og ernæring, læreplanmål frå VG1 RM. Også her må det investerast i utstyr. På teoriromma må det på plass teknisk utstyr, og innreiing. Inneverande skuleår har vi satt av 50% rådgjevingsressurs til UE. Vi trur det er naudsynt i forhold til kartlegging, planlegging og gjennomføring for denne gruppa elever, alderen 15 til 18 år.

Kor kostnadskrevjande denne nye avdelinga blir, veit vi først etter å ha vore i drift ei viss tid. Slike omsyn må takast med i tildelinga.

Frå januar 2015 vil lokala UE flyttar frå, bli tatt i bruk av avd. D – open soning. Då blir det ei auke på 8 soningsplassar der. Det er berre nokre få sysselsetjingsplasser på avd. D, og vi forventar at fleire vil gå på frigang til Fossane.

**For å stette aktivitetane på Bjørgvin med UE treng vi følgjande økonomiske ramme:**

0 Løn inkl. sos.utgifter	kr 5048693 + kr 2000000 (UE)
10 Utstyr	” 267349 + kr 500000 (UE)
20 Andre driftsutgifter	” 282814 + kr 500000 (UE)
Brutto driftsutgifter	kr. 5598856 + kr 3000000 (UE)

NB! Estimateret for UE er veldig usikkert. Vi veit lite om korleis drifta vil bli: elevtall, kva slag undervisning, behov for undervisningstimar, utstyr etc. Vi må bruke vårhalvåret til å gjere oss nokre erfaringar.

## **Fossane**

Fossane er administrasjonsavdelinga for fengselsundervisninga. Herfrå blir dei andre skoleavdelingane i fengsla styrt. Vidare er avdelinga oppfølgingsavdeling for dei som er på veg ut av fengsla eller som treng støtte i tida etter. Vi har eit nettverk med skular, opplæringsinstitusjonar, praksis- og arbeidsplassar som tar imot dei som kjem frå oss, i tillegg gir vi tilbod på Fossane til dei som treng det. Den stasjonære lærarstaben er derfor ikkje stor.

Budsjettframlegget for 2015 var på 8843340kr. For 2016 fremjar vi forslag om 9108640kr.

### **Dette er staben:**

#### **Leiar for fengselsundervisninga:**

100%

#### **Rådgjevarar:**

Rådgjevar 1= 50% Ungdomseininga og 25% Bjf.

Rådgjevar 2= 75% BF.

Rådgjevar 3= 50% Fossane og Ulvsnesøy.

Rådgjevar 4= 50% Fossane og open avd. D.

Vi ser at stadig meir av tida til rådgjevarane blir brukt i avdelingane utanfor Fossane. Dette er ikkje uproblematisk så lenge målet er ei god utslusing. Siste året er rådgjevingstenesta ytterlegare styrka for at arbeidet ut frå Fossane skal kunne ivaretakast på ein god måte.

#### **Kontorfullmektig:**

100%

#### **Reinhaldar:**

50%

#### **Lærarar:**

Engelsk 30%

Samfunnsfag 15%

Matematikk og naturfag 40%

Norsk 50%

Data 35%

Gym 2 t pr. uke i samarbeid med treningssenter.

Miljøarbeidar 50%

Til *Fossane* kjem elevar/studentar med ulike ønskjer og behov. Då er *fleksibilitet* viktig, slik at vi kan gje dei som kjem til oss relevant og naudsynt opplæring.

Etter behov hentar vi inn lærarar til dei faga elevane treng opplæring i. Ofte er det snakk om elevar som må trening i forkant av praksiskandidateksamenar. Dette har vore vellukka og viktig for dei som har fått tilbod om slik opplæring. Dette kjem vi til å fortsetje med. Ordninga stetter eit behov, og vi får god kvalitet på opplæringa.

*Miljøkonsulentsstillinga* er viktig i forhold til kontroll med og oversikt over elevgruppa vår, men og for beredskapens skuld, og for trivnaden i avdelinga.

Rådgjevsarbeidet er blitt ytterlegare styrka siste året. På sett og vis er rådgjevarane navet i utslusingsarbeidet. Behovet for rådgjeving er stort.

St.meld. nr. 27 (2004-2005) seier noko om opplæring gjennom heile året. Det har vi forsøkt å etterleve. Vi har halde ope i feriane, berre stengt ei eller to veker på sommartid. Tilbod i feriane har variert frå fagretta kurs, til praktiske kurs til fritidsliknande kurs, t. d. norsk, matematikk, data, matkurs, førstehjelpskurs, truckførarkurs, stillasbyggarkurs, musikkurs og teaterkurs. Tilboda i feriane har vore administrert frå Fossane.

**Skulen tek sikte på å gjennomføre følgjande opplæringstilbod i 2016:**

Programfag	Årssteg	Tal kl.
Studieførebuande	VG1	1
Ulike yrkesprogram	VG1	1
Innføringsklasse		1
Realkompetansekurs		1
"Feriekurs"		1 (yrkesrelaterte kurs avviklast i feriane)
Ungdomseininga	Vg1	1
Sum klassar		6

Hovudfokus for arbeidet på Fossane er å sluse flest mogleg ut til ordinær skule, praksis og arbeid. Avklaring, kartlegging og begynnande undervisning skjer på Fossane, deretter følgjer vi dei opp.

*Til dette er det trong for følgjande økonomiske rammer:*

0 Løn inkl. sos. utgifter	kr.	8340840
10 Utstyr	"	243045
20 Andre driftsutgifter	"	524755
Brutto driftsutgifter	kr.	9108640

**Vi ønskjer å påpeike**

*Høgare utdanning/teknisk fagskule/nettbasert opplæring*

Gruppa som ønskjer fagskule/høgskule/universitetsutdanning er stendig aukande. Tilrettelegging og oppfølging av desse elevane/studentane krev stendig meir av oss. Mangel på gode tekniske løysingar gjer oppfølginga krevjande. Vi har og tildelt ein lærar 20% vegleiingsressurs for å følgje opp desse elevane/studentane.

*Opplæringskjøkkenet* på Ulvsnesøy treng oppgradering både på inventar og utstyr.

Betre tilhøve for *sjølvstudie på BF*, særleg for dei på universitet og høgskule.

*Byggfag på BF* held til i eit telt utanfor avd. C i nærleiken av idrettsbana. Teltløysinga er ikkje godkjend og det blei allereie våren 2011 kravd at vi kjem fram til ei permanent løysing. Det blir eit løft som fengsel og skole må ta saman. Vi er no i ein prosess med fengselsleiinga og driftssjef på fengselet for å finne løysing på problemet. Det er uansett klart at dette vil bli eit løft for oss å få på plass, også økonomisk.

*Romsituasjonen* er i det heile tatt problematisk på BF. No har kriminalomsorga fått pålegg om å auke kapasiteten på soningsplasser med 8 nye celler på innsida, avd. A-øst. Dette sender skulen ut på vandring på leit etter nye lokale til erstatning for dei vi då mistar.

På *IKT-sida* er det stor trong for betre IKT-løysingar. Moderne IKT-løysingar fungerer ikkje i fengselet.

*Innkjøp av kurs.* Inneverande skuleår som førre, har vi brukt pengar på å leige inn kompetanse frå andre skular på område der vi sjølve ikkje har kompetansen. Det har vore særst nyttig, og gitt eit løft til dei som har fått nytte godt av den eksterne opplæringa. Dette ønskjer vi å kunne gjere meir av. Det gjev målretta tilbod, og er god ressursutnytting.

*Ressursbruk og behov.* Pågangen av elevar har vore stor i alle avdelingane. I BF har som nemnd pågangen av utanlandske innsette vore markant. Konsekvensane har vore at vi har måtte auke ressursbruk som resultat. På det meste la vi ut 27 veketimer på UE, likeeins auka vi rådgjevarbruken.

På samarbeidssida er vi no tettare på arbeidsdrifta i fengsla.

### **Samandrag:**

For 2016 har vi gjort justeringar i tråd med forventna løns- og prisauke. Vi har valt å leggje til grunn ein auke på 3 prosent. Vi reknar med at trykket i fengselsundervisninga fortsatt vil vere høgt. Med desse opplysningane som grunnlag, gjer vi for 2016 framlegg om følgjande budsjett:

Avdeling Haukås/Ulvsnesøy  
Avdeling Bjørgvin  
Avdeling Fossane  
**Total budsjetttramme**

kr 19738503  
" 5598856 + kr 3000000 (UE)  
" 9108640  
**kr 34446000 + kr 3000000 (UE)**



Jens Petter Storheim  
Rektor



Yngve Sandven  
Leiar for fengselsundervisninga